

# FORRETNINGSPLAN

Mange etablerarar får ein idè, kastar seg ut i det – og lykkast. Andre kastar seg ut i det og går skikkeleg ”på tryne”! Kva som gjer at nokon lykkast, og andre ikkje, kan vere tilfeldigheit – eller ikkje – for nokon berre *har det som skal til!* I dei aller fleste tilfeller er det hardt arbeid over lang tid som skal til for å lykkast.

Ein forretningsplan kan vere til nytte både for den som lykkast, og den som ikkje lykkast. Prosessen med utarbeiding av ein forretningsplan kan vere like viktig som sjølve planen. Når du lagar ein forretningsplan må du kanskje tenke gjennom ulike sider ved idèen som du elles ikkje hadde vurdert før du ”kastar” deg inn i arbeidet. Til meir detaljert og omfattande ein forretningsplan er, til større muligheit har du for å finne eventuelle skjær i sjøen. Kanskje kan produktet med små endringar bli ein verdssensasjon og du sit igjen med vinnarloddet.

*”Å håpe og tru er bra, men å vite er betre!”*

Planen nedanfor er ”forenkla” frå Innovasjon Noreg sine nettsider. Forretningsplanar finnast også i andre utgåver, men her må kvar og ein finne ein plan som er tilpassa sitt produkt og dei behova ein har for detaljar.

**Forretningsplanen er eit dokument som beskriver forretningsideen din, og korleis du har tenkt å drive verksemda.** Forretningsplanen skal vere eit arbeidsdokument og eit styringsverktøy for bedrifta, og skal derfor brukast aktivt. For at forretningsplanen skal vere eit godt styringsverktøy for bedrifta vil det også vere nødvendig å gjere revisjon av planen etter kvart som føresetnadane endrar seg.

Det er ein stor fordel at forretningsplanen er godt gjennomarbeida. Planen vil i mange tilfeller vere eit salsdokument mot potensielle samarbeidspartnarar og investorar.

## **Enkle råd:**

- **Skriv planen sjølv.** Du kan gjerne søke råd ved utarbeiding av planen, men ikkje kjøp denne tenesta frå ein godt betalt konsulent. Det er viktig at det er dine tankar og idear som kjem med i planen. Det er **din** kunnskap om ideen som skal på papiret.
- **Skriv korrekt!** Bruk eit språk som er lett å forstå.
- **Forretningsplanen skal vere oversiktleg,** og lett å finne fram i. Ikkje ha med for mange detaljar. Detaljar og dokumentasjon kan du ha med som vedlegg.

## Mal for forretningsplan:

### 1. Forretningsidèen

- Beskriv forretningsidèen, produkt / teneste du skal tilby, og kva behov i marknaden dette skal dekke.
- *Denne bør vere så kort og konkret at du skal kunne presentere den for eventuelle investorar i ein kort heistur. I tillegg skal den vere så spennande at dei vil vite meir...*

### 2. Personopplysningar

- Ein god CV kan erstatte dette punktet, men det er viktig at det går fram kven du er og kva eigenskapar som gjer at du er i stand til å vidareutvikle denne idèen.

### 3. Produkt / teneste

- Beskriv produktet / tenesta du skal tilby. Ver så konkret som mulig, og ha fokus på den **unike eigenskapen** til produktet / tenesta. Få med om korleis produksjonen skal føregå, og om andre skal stå for produksjonen eller deler av produksjonen.

### 4. Marknaden

- Beskriv marknaden og potensielle kundar. Kven er kunden? Kva spesielle eigenskapar legg kunden vekt på, og korleis vil du tilby dette?

### 5. Marknads- og salsaktivitetar

- Korleis skal du gjere kunden oppmerksom på at du og produktet ditt eksisterer.

### 6. Økonomi

- *Omfanget av idèen avgjer kor omfattande økonomioversikta bør vere. Her kan verkty frå [www.bedin.no](http://www.bedin.no) og [www.etablerer.no](http://www.etablerer.no) vere til nytte.*
- **Produktkalkyle** – Skal klargjere kostnad og pris på produktet.
- **Salsbudsjett** - Skal vise kor mykje du har som mål å selje av produkta over ein periode.
- **Driftsbudsjett** – Skal vise samla inntekter og utgifter på eit år.

### 7. Kapitalbehov og finansiering

- Her skal du sette opp alt du treng pengar til dei første åra. Klarlegge kapitalbehovet.
- Deretter set du opp korleis du har tenkt å finansiere kapitalbehovet.

### 8. Organisering og administrasjon

- Her skal du vise korleis du har tenkt å organisere og administrere verksemda.
- Tenk gjennom kva selskapsform som er best for di verksemd.
- Kva kan du gjere sjølv, og kva treng du hjelp til?

### 9. Vedlegg

- Produkt – marknadsoversikt
- Handlingsplan
- Oppsummering av forretningsplanen

Ein meir detaljert mal for forretningsplan finn de på [www.innovasjon Norge.no](http://www.innovasjon Norge.no) .